

## **Ekspressbuss Vestlandet: Få fart på planane!**

**Hausten 2006 vedtok Vestlandsrådet, med tilslutning frå Sør-Trøndelag fylkeskommune, å opprette ei ekspressbussrute med avgang kvar time på strekninga Stavanger – Trondheim. Målet var å få oppretta ruta innan 2009. Naturvernforbundet, samla til landsmøte i Bergen i august 2009, har ikkje sett noko til denne ekspressbussen, og vil no be Vestlandsrådet få fart i planlegginga for å sikre at tilbodet kjem på plass snøggast råd.**

Privatbil, og til dels fly, er dei dominerande reisemidla for reiser over lengre strekningar. Fly har til dømes ein marknadsdel på heile 65 % på reiser mellom Stavanger og Bergen. På strekninga Stavanger – Haugesund har hurtigbåten ein marknadsdel på 18 % og mellom Haugesund og Bergen 10 %. **Ekspressbussane er fleksible. Dei tek opp passasjerar undervegs og får på det viset eit større passasjergrunnlag.** Bussane er også meir miljøvennlege enn båt og fly. **Dei har mindre energibruk** og mindre utslepp. Ei gjennomgåande rute vil dessutan gi dei mindre folkerike kommunane mellom byane eit langt betre kollektivtilbod og medverke til å knyte landsdelen tettare saman og oppnå meir robuste arbeidsmarknadsregionar.

På bakgrunn av dette har Samferdselsdepartementet gitt løyvingar til prosjektet. Likevel er det i august 2009 ikkje noko som tyder på at Ekspressbuss Vestlandet vil kome på plass i 2009, det er til og med usikkert om 2010 vil gi Vestlandet betre kommunikasjonar.

Landsmøtet til Naturvernforbundet er skuffa over politikarane i Vestlandsrådet. I 2006 ønskja dei å etablere eit tilbod som kunne gi innbyggjarane høve til å reise meir miljøvennleg. Sidan 2006 har Vestlandsrådet stort sett nytta alle møtene sine til å etterlyse fleire og større vegprosjekt på **Vestlandet, noko som** stort sett vil gi auka klimagassutslepp.

No er tida komen for å ta klimautfordringa på alvor. Lat oss få Ekspressbuss Vestlandet på plass i løpet av 2010!

**Forslagsstiller: Øystein Solevåg, LaS (Møre og Romsdal)**